

## ÅRSMELDING FIN 2023

---

### Årsmøte 7.6.2023

Årsmøtet i Flora Industri- og Næringsforening vart halde på Quality Hotell 7. juni 2023. 36 personar møtte fram, og representerte medlemsbedriftene i FIN.

#### På årsmøtet vart følgjande styre valt:

Leiar	Bjørn Hollevik, (ikkje på val)
Nestleiar	Kristin Bergstøl Hansen, (vald for 2 år)
Styremedlem	Svein Nødseth, (ikkje på val)
Styremedlem	Linn Theres Nekkøy (ikkje på val)
Styremedlem	Anders J. Lien, (ny, vald for 2 år)
Varamedlem	Tor Førde, (attval) vald for 1 år
Varamedlem	Kristin Svardal, (ny) vald for 1 år

Som valnemnd vart Gustav Johan Nydal (attval), Ingrid Kassen (attval) og Jo Dale Pedersen (attval) valde for 1 år. Valkomiteén konstituerer seg sjølv.

---

Årsmøtet la vekt på at FIN må jobbe med samferdsle i Florø sentrum i tillegg til flyruter og flytilbod. Energi, energikapasitet og det grønne skiftet vart trekt fram som eit viktig tema. Det same var flytting av gods frå land til sjø. FIN må fortsette å samarbeide med andre institusjonar og næringslivsorganisasjonar – og ikkje minst må ein samarbeide med skule / utdanning og involvere medlemsbedriftene i den satsinga. Samarbeid med næringsliv og U40 satsinga var eit viktig punkt. FIN må engasjere seg i kommuneplanar.

### Saker i fokus 2023

Styret i FIN og enkeltmedlemmar har sidan sist årsmøte vore delaktig i møter med eksterne aktørar, som til dømes møter om DAT-rutene, ny trase for kraftlinje og planprosessar i Kinn kommune. Det er generelt stor aktivitet i det lokale næringslivet og medlemsbedriftene, og det er sterkt søkelys på rekruttering og energitilgang i det grønne skiftet. Eigedomsskatt og kommunale avgifter har og vore eit viktig tema. Å rekruttere nye medlemmer til FIN har vore prioritert av styret og vi har per d.d. 70 medlemmer. Her trengs det framleis ein stor innsats.

### **Økonomisk støtte i 2023**

Styret i FIN har gitt økonomisk støtte til fleire rekrutteringstiltak siste året. «Flora U40» fekk ei støtte på kr 20.000, «Jenter og teknologi» kr 24.500 og «Arbeid med skulestruktur og karrieremesse», som vart gjennomført i samarbeid med Aksello og Florø vgs. fekk kr 25.000. FIN har støtta «Grøn vekst programmet» for små og mellomstore bedrifter med kr 75.000, Programmet er leia av Aksello og 8 av FIN sine medlemmer deltok. I tillegg støttar vi framleis opp om Energisenteret Florø sitt program.

### **Opne møter**

Før kommunevalet hausten 2023 arrangerte FIN ein paneldebatt, der næringspolitikk og ikkje minst kraftkrisa var i søkelyset. Det var bra oppmøte av folk og stort engasjement.

Kinn kommune arrangerte eit ope møte om kommunedelplanen sin arealdel. Svært mange av medlemmane i FIN deltok i møtet og i Kinn kommune og Sentio si næringsundersøking i samband med kommunedelplanen.

Linja /SFE arrangerte folkemøte om linjetrasé i Magnhildskaret – dette vart også sendt ut som ei utfordring til medlemmane i FIN.

Til karrieredagen som var eit samarbeid med Aksello og Flora VGS vart alle medlemmane oppfordra til å stille med stand / info.

I mars 2024 arrangert FIN eit møte for medlemmane som jobbar med plan- og byggesaker, der tema var utfordringar med slike saker i møte med Kinn kommune.

Elles er Aksello sine frukostmøte ein viktig arena for medlemmane.

### **Oppfølging av årsplan**

Hovudpunkta i årsplanen har vore jobba godt med gjennom året:

- **Energikapasitet og nettleige**  
Her har vi hatt tett dialog med LINJA, både gjennom ope møte og orienteringsmøte med FIN-styret og Linja.
- **Kommunikasjon/transport**  
Flyruter/flytilbod og transport frå land til sjø har vore tema siste året.
- **Kommunedelplan / arealplan**  
Styret har deltatt på opne møte og sendt høyringsuttale.

- **Samarbeid næringsorganisasjonar**  
Det har vore planar om samling med både Bergen Næringsråd og FINS i Førde. Dette er utsett til etter årsmøtet. Som medeigar i Aksello har vi også i år tatt del i grunnfinansieringa med kr 100.000
- **Samarbeid skuleverket**  
FIN har vore engasjert i rekrutteringsarbeid i samarbeid med skulane og Aksello.
- **Nettverksbygging**  
FIN har støtta Aksello-prosjekt som U40 / Grøn Vekst m.m.
- **Nyrekruttering FIN**  
Medlemmane i styret har vore aktive med å rekruttere nye medlemmer. Det har vore diskutert å leige inn nokon til å gjere ein rekrutteringsjobb.

### Styrearbeid 2023

Sidan årsmøtet 7.6.2023 har styret i FIN hatt 5 styremøte, arrangert 2 opne medlemsmøte og delteke på fleire møte med eksterne aktørar (Kinn kommune/ Linja/ politikarar/ skular) der enkeltrepresentantar frå styret har møtt og medlemmane har vore oppfordra til å møte. Styreleiar har i tillegg vore aktivt ute i media vedrørande saker FIN er engasjerte i.

### Dei viktigaste sakene i FIN styret:

- Utarbeiding arbeidsprogram
- Planlegging paneldebatt
- Rekruttering av nye medlemmer i FIN
- Grøn energi – ny kraftlinje. Møte med nettdirektøren i Linja
- DAT og flyruter
- Rekruttering til yrkesfag, Florø VGS, lokale bedrifter og samarbeid skule – næringsliv
- Høyringsuttaler:
  - Eigedomskatt / kommunale avgifter
  - Kommunedelplan
  - Budsjettforslag frå Kinn kommune om nedtrekk av støtte til Aksello
  - Formannskapet si innstilling til handlingsplan og økonomiplan 2024-2027
- Utdrøningar med plan- og byggesaker i Kinn kommune

Dei fleste sakene blir lagt ut på nettsida [www.florain.no](http://www.florain.no)

### **Samarbeid med Aksello**

FIN ser på frukostmøta i regi av Aksello som eit viktig supplement til aktiviteten i FIN. Det same gjeld dei ulike prosjekta som FIN samarbeider med Aksello om.

### **Organisering**

Kinn Regnskap AS har også i 2023 vore forretningsfører for FIN. A til Å v/ Anita Øygard har vore engasjert for å utføre sekretærfunksjonen i FIN.

### **Medlemsutvikling**

FIN hadde 70 medlemsbedrifter pr. 18.3. 2023 – ein auke på 4 bedrifter sidan førre årsmøte.

Florø 18. mars 2023

Bjørn Hollevik  
Leiar FIN

Kristin Bergstøl Hansen  
Nestleiar FIN

Anders Johannes Lien  
Styremedlem

Linn Theres Nekkøy  
Styremedlem

Svein Nødseth  
Styremedlem